



GLIMRAH - eit vokalemsemble med store muligheter

**GLIMRAH, eit vokalemsemble med sju kvinnlege songarar, samla ei fullsett røystove på Rød i dag. Kvinnegruppa kan meir enn å framføra tradisjonelle korsongar. Her er fleire solistar. Nokre seier fram monologar og andre bind det heile saman med viktig informasjon om genre og musikktradisjonar.**

Det knapt eit år gamle koret framfører mellom anna renesansemusikk, religiøse folketonar og folkeviser. Konserten opna med Ganglåt frå Dalarna, ein ganglåt slik ein ofte gjer det i Sverige på konsertar. Nytt var det å høyra Den fyrste fugl er staren av Jacob Sande, det same med Arne Eggen sitt arrangement av folkevisa Det er so fagert i Finnesslottet. Teksten er henta frå Voss.



[Intimkonsert med GLIMRAH i ei fullsett røykstove på Rød](#)

Fire av songarane stod fram med solosong, noko som fortel oss at aktørane er trygge i si framføring av til tider vanskelege tekstar og tonar. Av slike fekk vi høyra Ferdastaven, ein tekst om korleis det er å ta seg trygt fram i skodde på fjellet. Vakkert var det å høyra Erik Bye sin Vår beste dag, ein sterk tekst skriven til eit seminar for døve. Maria Malmsten framførte teksar både på dialekt og på rikssvensk.

GLIMRAH - kva står bokstavane for, spør du. Gjertrud, Lene, Ingvild, Maria, Renate, Lina ( med vekt på a en ) og Hallgjerd. Gjertrud var ikkje med på konserten i dag. Vokalensemblen er kledd i blått. Blått er, som mange veit, huldrefargen.

På konserten vart det kunngjort at vokalgruppa legg opp til eigen julekonsert i Valen kyrkje. GLIMRAH skal også vera med på utstilling saman med Lisje Croles på biblioteket, Husnes.

Tekst/foto/ nett: Kristian Bringedal